



Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg Knarvik
Galteråsen 7C
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7009 - 22/79332

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
01.03.2023

Løyve til riving av løe - gbnr 324/4 Langeland

Administrativt vedtak: **Saknr: 1146/22**
Tiltakshavar: Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg Knarvik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Det vert gjeve løyve til riving av løe på gbnr 324/4 på følgjande vilkår:

- 1. Rivinga omfattar driftsbygning med bygningsnummer 175990984. Tiltaket har krav til avfallsplan og miljøsanering, jf TEK 17 §§ 9.6 og 9.7.**
- 2. Areal som ikkje går med til utbetring av Sagstadvegen, skal opparbeidast til fulldyrka jord etter at tiltaket er utført.**

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Sluttrapport avfall.**

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. pbl § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak



Saka gjeld søknad om riving av løe på gbnr 324/4. Deler av eigendommen er omfatta av Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av fv. 244 plan ID nr. 125620170003. Det er pågåande arbeid med utbetring av fv.564, og grunnen som den eksisterande driftsbygningen står på per i dag, skal eksproprierast i samband med utbetring av Sagstadvegen.

Driftsbygninga på om lag 330m² har vært nytta som reiskapshus, for mellom anna å kunne utnytte skogrettane som ligg til eigendommen. Bygningen er Sefrak registrert. Garden er per i dag ikkje i drift. Det er fire teigar knytt til eigendommen, og arealet på eigendommen er om lag 193000m².

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid. Andre tiltak på eigendommen er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken den 26.09.2022, supplert 10.11.2022, samt den 27.02.2023.

Situasjonsplan og flyfoto



Bilete



Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han vart motteken. Følgande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 18.10.2022:

1. Det må dokumenterast at krav i pbl. § 12 – 10 er oppfylt.

Supplerande opplysningar vart motteke den 10.11.2022, og etterspurt dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar den 27.02.2023.

Søknaden var klar for handsaming den 27.02.2023, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigendommen er omfatta av Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av fv. 244 plan ID nr. 125620170003. Føremålet er LNF område.

Rekkefølgekrav i plan: Det skal vera utarbeidd og godkjend kulturminnedokumentasjon av eksisterande løe på gnr 324, bnr 4 før det kan gjevast løyve til riving jf. føresegn 6.3 i reguleringsplanen.

KP Meland 2015-2026 plan ID nr. 125620190001 supplerer reguleringsplanen.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Ansvarleg søkjar legg følgjande til grunn ved søknad. Dei skriv i følgjebrev slik;

Det føl ikkje med tradisjonell nabovarsling. Denne løa er beslutta riven i ein godkjent reguleringsplan, vi legg difor med adresselista til alle som vart varsla om oppstart av planarbeidet til denne planen. Vi legg òg ved brevet dei fekk om varsel om oppstart av planarbeidet. Me ber difor om at det ser på dette som at naboane er tilstrekkeleg varsla.

Plassering

Tiltaket som skal rivast er lokalisert på gbnr 324/4 langs med Sagstadvegen som skal utbetrast.

Visuelle kvalitetar

Det er utført laserskanning av bygningen.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan, og det er krav til skildring av miljøsnering for tiltaket.

Det føreligg miljøsneringsbeskriving utført av Sweco, datert 07.11.2022.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Dokumentasjon med omsyn til rekkefølge krav som følger av reguleringsplanens føresegn 6.3 er vedlagt søknaden. Kulturminnedokumentasjon av eksisterande løe er på førehand sett over av Alver kommune avd. kultur, og er vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta dei omsyna som er sett i reguleringsplanen. Kulturavdelinga stadfestar høvet i brev av 15.09.2022, sak 22/6763 – 22/70015. Rekkefølge krav er vurdert oppfylt.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Administrasjonen stettar søkjars argumentasjon om at tiltaket allereie er varsla i samband med oppstart av planarbeidet.

Søklar har elles sendt inn dokumentasjon på at det ikkje føreligg pengeheftelsar knytt til bygnaden, med brev datert 27.02.2023.

Riving av driftsbyggnaden vert godkjent slik det går fram av søknaden.

Eigarar av den opphavelige løa på eigendommen er kjend med at bygnaden skal rivast, og får kopi av vedtaket.

Meldeplikt

Det er meldeplikt etter naturminnelova § 8, 2. ledd dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar, trekol, eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket. Funn skal straks meldast til Vestland Fylkeskommune, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet.

Andre høve

Informasjon frå BKK om graving datert den 28.05.2021, som gjeld anlegg som vert råka, må takast omsyn til ved arbeid med riving av byggnaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.

- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7009

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 324/4 Langeland
E1 - situasjonsplan
Følgelbrev
Q2 Miljøsaneringsbeskrivelse - fv.564 Låve Frekhaug.pdf

Kopi til:

Randi Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	Frekhaug
Tore Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	Frekhaug

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg Knarvik	Galteråsen 7C	5916	ISDALSTØ
--	---------------	------	----------